

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 18.01.2017
SAKSHANDSAMAR: Johnny Heggstad
SAKA GJELD: **Ny verksemdstrategi - Helse2035**

ARKIVSAK: 2017/78
STYRESAK: **016/17**

STYREMØTE: **02.02. 2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest RHF gir si tilslutning til å sende strategidokumentet ut på høyring, med dei endringane styret vart einige om i møtet.

Oppsummering

Helse2035 beskriv på eit overordna plan korleis vi skal utvikle spesialisthelsetenestene på Vestlandet fram mot 2035. «Pasienten si helseteneste» har vore eit berande prinsipp i utforminga av verksemdstrategien, og skal prege alle delar av aktiviteten til Helse Vest. Den nye visjonen bygger vidare på den gjeldande visjonen, og inkluderer no uttrykket «meistring»:

- Å fremje helse, meistring og livskvalitet

Dei nasjonale verdiane ligg fast, mens måla er endra for å framheve hovudlinjene i den nye strategien:

- Trygge og nære helsetenester (som før)
- God samhandling og effektiv ressursbruk i heile pasientforløpet
- Aktiv pasientdeltaking og heilskapleg behandling
- Ein framtidsretta og innovativ kompetanseorganisasjon

I strategien er det lagt særleg vekt på dei områda som er omfatta av dei viktigaste endringane framover. Den er derfor bygd opp rundt utvalde tema, der dei grunnleggjande områda for verksemda er ein naturleg del. Følgjande tema er tatt med under eigne overskrifter i strategien:

- Kvalitet og pasienttryggleik
- Kommunikasjon og prioritering
- Pasientar med fleire sjukdommar
- Standardiserte pasientforløp
- Eit einskapleg helsevesen
- Strategisk samspel med dei private
- Auka verdiskaping
- Spesialisthelsetenester utanfor sjukehus
- Forsking, innovasjon og teknologi
- Våre medarbeidarar
- Leiarskap
- Struktur og organisering

Temaa er strukturert under dei fire hovudoverskriftene Pasienten si helseteneste, Eitt helsevesen, Utvikling av helsetenestene og Medarbeidaren, leiing og organisasjon. Strategien er ambisiøs, og legg opp til store endringar i korleis Helse Vest skal yte tenester og ivareta samfunnsansvaret i åra som kjem. Betre samhandling, innovasjon og bruk av ny teknologi er framstående faktorar. Strategien speglar òg att avgrensingane knytt til menneskelege og økonomiske ressursar, sett opp mot auka behov og vekst i behandlingmoglegheiter. Tydelege prioriteringar og balanse mellom behov, moglegheiter og tilgjengelege ressursar skal bidra til ei berekraftig utvikling.


Fakta

Helse2020 blei etablert som ein overordna verksemdstrategi i 2007, og blei revidert i 2011. Helse2035 byggjer på Helse2020, men er ei ny og omfattande revidering som rettar seg etter føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019).

Det har vore eit mål å redusere lengda på strategidokumentet sett opp mot tidligare, og framstille innhaldet på ein relativt kortfatta og presis måte der ein fokuserer på dei store endringane.

Formålet har vore å utforme eit lesevennleg dokument og sikre god forståing av utfordringar, moglegheiter og nødvendige prioriteringar i eigne og eksterne fagmiljø.

Utkastet som no ligg føre baserer seg på prosjektet sine kartleggingar, intervju og analyser, på overordna rammer frå styrande dokument, innretninga styringsgruppa har gitt undervegs til prosjektet, og på temarapportane som vart utarbeidd før sommaren. Det er også teke høgde for innspela som har komme fram i dialog med HF-a og på dei fire storsamlingane, der over 500 personar frå kommune, fylke, sjukehus og andre samarbeidspartar deltok. Prosjektet har òg informert eksternt gjennom ei heimeside der det òg har vore mogleg å komme med innspel. Det vart også gjeve innspel til arbeidet på regional samling for alle styra, regionalt leiarmøte i Helse Vest, RHF-dagen og på møter med ei rekkje av kommunane i føretaksområda. Verneombod og brukarutval har òg gitt viktige innspel. Helse2035 har i tillegg blitt presentert for fleire grupper og fagmiljø. Over femten hundre innspel har prosjektet samla gjennom perioden.



Etter styremøtet 2. februar 2017 vil strategidokumentet bli sendt ut på høyring.

Høyringsfristen er sett til 10. april. Endeleg styrebehandling av strategien er planlagt 11. mai.

Kommentarar

Strategien har ei temabasert inndeling, der det er lagt særleg vekt på dei områda som er omfatta av dei viktigaste endringane framover. Det er skissert ei overordna målsetting for kvart av temaa. Samtidig kan ein sjå at samhandling, ny teknologi og nye tekniske løysingar, samt innovasjon og endring er gjennomgåande faktorar i heile strategien.

Helse Vest er ein del av ein heilskap og utgjer berre ein del av pasienten si helseteneste. For å realisere ambisjonane og oppnå målsetjingane i Helse2035 må vi samarbeide tett med andre involverte aktørar.

Det er utarbeidd ei oversikt over tiltaksområda knytte til kvart av dei tolv temakapitla i strategien. Konkrete tiltak innanfor kvart tiltaksområde vil bli beskriven i ein eigen tiltaksplan.

Tiltaka knytt til strategien kan gjennomførast som rein linjeaktivitet eller som eigne utviklings- og endringsprosjekt. Prosjekta skal følgjast opp gjennom heilskapleg porteføljestyring, der samsvar mellom dei strategiske måla og gjennomføring av tiltaka skal sikrast. Ressursstyring og rett prioritering er ein sentral del av porteføljestyringa.

Gjennomgang og revidering av dei regionale fag- og funksjonsplanane skal sørge for at dei er i tråd med Helse2035.

Konklusjon

Det er gjennomført ein lang og grundig prosess for å hente inn flest moglege relevante innspel og forankre strategiarbeidet både i eigen organisasjon, hos brukarane og hos eksterne aktørar.

Høyringa skal bidra til å kvalitetssikre arbeidet som er gjort, involvere høyringspartane ytterlegare og legge til rette for at interessentar får gitt si tilbakemelding i forkant av den endelege styrebehandlinga av strategien.

Prosjektet vil arbeide vidare med ein kortversjon, tiltaksplan, kommunikasjonstiltak og andre tilhøyrande leveransar medan strategidokumentet er på høyring.